

## Protokoll Regionrådet Nordhordland – fredag 6. desember

**Møte:** 6-2019  
**Tid:** Fredag 6. desember kl. 12:00 - 15:00  
**Stad:** Nordhordland Utviklingsselskap IKS

**Til stades:**

<b>Ordfører:</b>	Karstein Totland, Per Lerøy, Lars Fjeldstad, Kjetil Eikefet, Hallvard Oppedal, Sara Sekkingstad, Stian Herøy
<b>Rådmenn:</b>	Ingvild Hjelmtveit, Reidun Halland, Liv Løvik, Gjermund Hagesæter, Ørjan Raknes Forthun
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss
<b>Andre:</b>	Sak 47/19: Rolf Tande, kommunelege Masfjorden kommune Sak 49-52/19: Baste Tveito, Nordhordland Næringslag, Tanja Hoel, Lindås kommune
<b>Forfall:</b>	Svein Helge Hofslundsengen, Jo Bjarte Tømmerbakke

Sak 45/19	<b>Godkjenning, møteinnkalling og sakliste</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 46/19	<b>Godkjenning protokoll møte 5-2019</b> Møteprotokoll frå møte 5-2019 vart godkjent utan merknadar.
Sak 47/19	<p><b>Informasjon om Utkantkonferansen 2020</b></p> <p>Kommunelege i Masfjorden, Rolf Tande informerte om planlegginga av Utkantkonferansen 2020 – «Leve heile livet - i Nordhordland» som er onsdag 1. april. Arrangør er NUI, kommunane i Nordhordland og Utkantlegane. Målgruppe er politikarar, fagpersonar og leiarar i kommunane, frivillige, privat næring, innbyggjarar m.fl.</p> <p>I det nye Vestland fylke er Nordhordland sentralt plassert. Det gjer det mogleg å kunne samla folk frå heile fylket. Nordhordland kan markera seg med gode kurs/samlingar som vert lagt merke til. Det er tenkt å ha låg deltakaravgift slik at kvar kommune kan stilla med mange deltakarar.</p> <p>Det føreligg eit forslag til program, men arbeidsgruppa ber Regionrådet vurdere dette samt gjennomføring av Utkantkonferansen 2020 under tema; Leve heile Livet – i Nordhordland.</p> <p>Arbeidsgruppa håpar at ordførarane kan vera med på konferansen og bidra med å seia noko om korleis eigen kommune vil vera med å følgja opp reforma «Leve hele livet».</p> <p>Samla kostnad er sett til kr 120 000. I utgangspunktet håper ein å finansiera dette med deltakaravgift og støtte frå demensforeininga, KS – kompetansemidlar og skjønnsmidlar frå Fylkesmannen. I tillegg ber ein om ein garanti frå kvar kommune på inntil kr 7 000 pr kommune.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet ser det som verdifullt at ein får til slike konferansar i regionen og vil støtta aktivt opp om konferansen. Kvar kommune stiller med ein garanti på inntil kr 7 000.</p>

Sak 48/19	<p><b>Sjøtrafikksentral og losstasjon på Fedje – bekymring om sentralisering</b> Ordførar Per Lerøy orienterte.</p> <p><b>Sjøtrafikksentralen</b> Det ser ut til at Kystverket igjen jobbar med å sentralisera sjøtrafikksentralane. Dette har vore tema tidlegare og då var planen at aktiviteten på sjøtrafikksentralen på Fedje skulle overførast til Kvitsøy. No ser det ut til at det på nytt er tema om å samla meir aktivitet på ein plass noko som kan føra til at sjøtrafikksentralen på Fedje kan bli trua med nedlegging.</p> <p><b>Losstasjon Fedje</b> Kystverket vurderer også å flytta lostenesta frå Fedje til Austrheim. For Austrheim er det viktigare med ein livskraftig nabokommune enn ny aktivitet i Austrheim kommune. Fedje er den einaste riktige lokaliseringa av ein losstasjon i Nordhordland. Fedje losstasjon har alltid vore blant dei mest lønsame losstasjonane i landet. Losgebyret vert fastsett etter tonnasjen på fartøya som går inn og ut av området, og med den store tankbåttrafikken og alle dei store turistskipa som seglar forbi Fedje, seier det seg sjølv at gebyrinntektene er svært høge på denne stasjonen.</p> <p>Kystverket krev samstundes at det mest attraktive sjøområdet Fedje har til anna næring / akvakultur, skal øyremerkast til losformidling i spesielle vêrtilhøve. Når Fedje skal stilla med areal, så bør det også gje auka aktivitet til Fedje og ikkje berre ulemper. Kystverket vil med andre ord redusera eigne aktivitetar på Fedje og på same tid leggja hindringar i vegen for andre aktivitetar som kan gje arbeidsplassar og verdiskaping på Fedje. Ei anna sak som har og er viktig for Fedje og regionen, er hevinga av U-864 med kvikksølvlasta. Den hevinga har Kystverket vore imot. Dette vert jobba vidare med.</p> <p>Regionrådet var samde om at den aktiviteten som Kystverket i dag har på Fedje med sjøtrafikksentral og losstasjon må oppretthaldast. Sjøområdet rundt Fedje er eit av verdas mest trafikkerte område med tankskip. Det er difor gode faglege grunnar til at denne aktiviteten bør vera på Fedje. Her vert det generert ein gedigen verdiskaping til landet og då bør ikkje mindre reduksjonar i kostnadar vera argument for å flytta verdifull verdiskaping/arbeidsplassar frå eit lite og sårbart lokalsamfunn.</p> <p>Dette er ei viktig sak for Regionrådet og rådet vil ta initiativ til eit møte med leiinga i Kystverket der mellom anna regionrådsleiar og ordførarane frå Fedje og Austrheim deltek. Møtet bør finna stad på Fedje.</p> <p>Per Lerøy og Stian Herøy får i oppdrag å laga eit notat som Regionrådet legg ved eit skriv til Kystverket.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet gjorde vedtak om å senda eit skriv til Kystverket med desse momenta:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Regionrådet aksepterer ikkje at Kystverket sentraliserer sjøtrafikksentralane, og dermed legg ned Fedje trafikksentral.</li> <li>2. Regionrådet aksepterer ikkje flytting av losstasjonen frå Fedje til Austrheim / Mongstad.</li> <li>3. Regionrådet ber snarast om eit møte med Kystverket for å få informasjon om dei planane Kystverket jobbar med for Fedje-området; sjøtrafikksentral, losstasjon og U-864. Møtet bør vera på Fedje.</li> </ol>
Sak 49/19	<p><b>Vidaregåande skular, oppretting av liner</b> Baste Tveito, Nordhordland Næringslag innleia om temaet (presentasjon vedlagt).</p> <p>Regionen ser at dei to vidaregåande skulane Knarvik og Austrheim opplever ei gradvis svekking av tal på klassar og liner slik at elevtalet vert redusert. Dette skjer på trass av at regionen har jobba godt med utgreiing om næringslivet sine behov og at det er tett og godt samarbeid mellom skule og næringsliv. Fylket stadfestar stadig vekk at regionen jobbar veldig godt i samarbeidet mellom skule, næringsliv og offentleg.</p>

	<p>Samtlege behov som er fremja av våre vidaregåande skular er fundamentert og dokumentert i rapporten om «Kompetanse og utdanning i Nordhordland» og regionalt kunnskapsgrunnlag frå Hordaland fylkeskommune om «Kompetanse og arbeidskraft i Nordhordland». Behova er også i tråd med dei innspel me gav til Kompetanseforum Hordaland i april 2019 om dimensjonering av vgs for 2020.</p> <p>Det er i dag stor overkapasitet i dei vidaregåande skulane som bl.a. skuldast privatisering. I tillegg blir snart den nye store vidaregåande skulen i Åsane tatt i bruk, dette skapar utfordringar for våre skular. Det er no viktig at regionen jobbar vidare med ein felles strategi for dei vidaregåande skulene. Den må vera på plass før skulebruksplanen skal handsamast av fylket.</p> <p>Hovudutvalet for opplæring og kompetanse saman med opplæringsdirektøren bør inviterast til eit møte i Regionrådet der ein kan drøfta dei utfordringane som regionen har med vidaregåande skular.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Regionrådet ber Utval for kultur, omdømme og kunnskap jobba vidare med ein felles strategi for dei vidaregåande skulane i regionen med tanke på kommande rullering av skulebruksplan.</li> <li>▪ Regionrådet vil invitera Hovudutvalet for opplæring og kompetanse i fylket saman med opplæringsdirektøren eit møte i Regionrådet der ein kan drøfta dei utfordringane som regionen har med vidaregåande skular.</li> </ul>
Sak 50/19	<p><b>Næringsutvikling og økt kraftbehov i Nordhordland. «Næring og nett i Nordhordland»</b> Baste Tveito, Nordhordland Næringslag innleia til temaet (presentasjon vedlagt).</p> <p>For å kunne ha vidare vekst i næringslivet rundt Mongstad, er ein avhengig av at straumnettet vert utbygd, kapasiteten i dag er for dårleg. For å koma vidare med den saka må det vera ei solid fagleg utgreiing som seier noko om status og behov framover. Denne rapporten må også sjå på resten av regionen inkludert Osterøy og det som er nord for Fensfjorden. Haugalandet har utarbeidd ein tilsvarande rapport.</p> <p>Næringslaget har tatt initiativ til ei slik utgreiing, men treng å få finansiering på plass. Kostnaden med ein rapport vil vera om lag kr 250 000 og næringslaget tenkjer den kan finansierast slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Nordhordland Næringslag - kr 100 000</li> <li>▪ Invest in Bergen - kr. 50 000</li> <li>▪ Regionrådet/kommunane i Nordhordland - kr 100 000</li> </ul> <p>Rapporten vil kunne vera ferdig i løpet av februar/mars 2020.</p> <p>Regionrådet ser det som positivt at det vert utarbeida ein slik rapport. Kommunane bidreg med kr 100 000. 50 % av kostnaden vert fordelt likt pr. kommune, resten etter folketal.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet ser det som positivt at det vart utarbeida ein slik rapport. Kommunane bidreg med kr 100 000. 50 % av kostnaden vert fordelt likt pr. kommune, resten etter folketal.</p>
Sak 51/19	<p><b>Høyring, NOU 2019:16 «Skattlegging av Vannkraftverk»</b> Det vert vist til Finansdepartementets høringsbrev 30. september 2019 der høringsfristen for NOU 2019:16 – «Skattlegging av vannkraftverk» er satt til 1. januar 2020.</p> <p>Forslaget til fleirtalet har desse konsekvensane:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Inntektene til kraftkommunane Modalen og Masfjorden vil bli sterkt redusert</li> <li>▪ For småkraftverk vil forslaget gje stor auke i kostnadane</li> </ul>

	<p>Regionrådet ser det som svært viktig prinsipp at dei kommunane som stiller areal til disposisjon til vasskraft vert tilgodesett med inntekter. I forslaget vil inntektene bli flytta frå distrikt til dei folkerike og sentrumsnære kommunane. Det er eit utvikling som regionen og landet vil vera lite tent med.</p> <p>Det er gitt uttale frå Nettverk av Petroleumskommunar (NPK) og Landsamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK) som kan leggast til grunn for uttale frå Regionrådet.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet ber administrasjonen skriva ein uttale basert på innspel frå kommunane i regionen. I uttalen sluttar ein seg til NPK og LVK sine høyringsuttalar.</p>
Sak 52/19	<p><b>Høyring, Forslag om innføring av grunnrenteskatt på havbruk. NOU 2019:18 «Skattlegging av havbruksvirksomhet»</b></p> <p>Baste Tveito og Tanja Hoel innleia. I utvalet som har sett på skattlegging av havbruksverksemd er det eit fleirtalsforslag og eit mindretalsforslag.</p> <p>Regionrådet ser det som viktig at dei kommunane som stiller areal til disposisjon må ha «økonomisk utbytte» av det. Det var semje om at mindretalsforslaget i størst mogleg grad stetta desse krava.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet fylgjer mindretalsframlegget sitt framlegg. Regionrådet ber administrasjonen laga eit utkast til felles uttale saman med Nordhordland Næringslag. Uttalen vert handsama i neste Regionrådsmøte.</p>
Sak 53/19	<p><b>Meldingar og eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Det er toppleiarmøte med Helse Bergen 16. januar, alle kommunane bør vera representert der.</li> <li>▪ Det er aktuelt med eit møte med Hordalandsbenken vinter / vår 2020, og evt. kombinert med møte med aktuelle departementet / direktorat</li> <li>▪ Byveksttalen vart diskutert. Regionrådet etterspurte meir informasjon, med konsekvensar for kommunane, kva krav ein får og kva ein får ein av midlar. Det vart bestemt at Alver må informera nærare om dette i neste møte</li> </ul>

Knarvik, 6. desember 2019

*Karstein Totland*

Karstein Totland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland

*Rune Heradstveit*

Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

Sak 49/19 Presentasjon, innspel nye programfag vidaregåande skular  
Sak 50/19 Presentasjon, næringsutvikling og auka kraftbehov